



## Austevoll kommune

Bekkjarvik maritime FUS barnehage  
Alvamyrvegen 11

5397 BEKKJARVIK

Vår ref.	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato
22/2242- 2021048429/13	22/2242		22.12.2022

### Endeleg rapport etter stadleg tilsyn etter barnehagelova i Bekkjarvik maritime FUS barnehage 2. desember 2022

Austevoll kommune har i perioden 14.10.2022 til dags dato, gjennomført varsla tilsyn med Bekkjarvik maritime FUS barnehage. Kontaktperson i barnehagen: Katja Kayser Djupevåg, dagleg leiar

Det vart gjennomført stadleg tilsyn i Bekkjarvik maritime FUS barnehage 02.12.2022.

#### Det vart ikkje avdekka lovbrøt under tilsynet.

#### Om tilsynet med Bekkjarvik maritime FUS barnehage

Austevoll kommune, som barnehagemynde, fører tilsyn med Bekkjarvik maritime FUS barnehage, jf. barnehagelova § 53. *Kommunen sitt tilsyn med barnehagane.* Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, er tilsyn med det som er lovpålagt knytt til barnedrift. Barnehagemynde i Austevoll kommune har ansvar for å sjå til at barnehagane vert drivne etter barnehagelova § 10.

#### Tema for tilsynet med heimel i Lov om barnehager og delegert fullmakt:

- Lov om barnehager med tilhøyrande forskrifter.
- Rammeplan for innhaldet i og oppgåver i barnehagen

#### Tema og føremålet med tilsynet (Lov om barnehager):

- § 3 Barns rett til medvirkning og omsynet til barnet sitt beste
- § 37 Barn med nedsett funksjonsevne
- Kapittel 8 Psykososialt barnehagemiljø § 41, 42, 43
- § 25 Pedagogisk bemanning (inkl. § 1 Norm for pedagogisk bemanning, forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager)
- § 25 Grunnbemanning

Tilsynet rettar merksemda mot barnehagen si oppfyljing av krav innanfor dei oppgitte emna, og rapporten viser eventuelle lovbrøt som vart avdekte under tilsynet. Rapporten gir såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av barnehagen.

#### Om gjennomføringa av tilsynet

Tilsyn med Bekkjarvik maritime FUS barnehage vart opna gjennom varselbrev datert 14.10.2022. Barnehagen er pålagt å legge fram dokumentasjon for kommunen med heimel i barnehagelova §§ 10 og 53. Tilsynet vart gjennomført ved gransking av framlagte dokument og ved intervju av personar knytt til barnehagen.

### **Rettslege krav**

Etter barnehagelova § 53 fører kommunen tilsyn med alle barnehagane i kommunen. Kommunen kan gje pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege tilhøve ved godkjente eller godkjeningspliktige verksemder, og vedta tidsavgrensa eller varig stenging. Kommunen bestemmer sjølv korleis og kor ofte tilsyn skal gjennomførast. Foreldrerådet skal få høve til å uttale seg før kommunen fattar vedtak om stenging.

Når kommunen driv rettleiing og tilsyn med barnehagane, er dette utøving av offentleg mynde. Det følgjer av barnehagelova § 10 at kommunen, som barnehagemynde, skal rettleie og sjå til at barnehagane driv i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunen sin kunnskap om barnehagane dannar grunnlag for bruk av verkemidla rettleiing eller tilsyn.

### **Kommunen sin konklusjon**

Austevoll kommune har i endeleg tilsynsrapport etter tilsyn med Bekkjarvik maritime FUS barnehage jf. barnehagelova med forskrifter, ikkje funne brot på regelverket. Endeleg tilsynsrapport blir gjort offentleg på kommunen sine heimesider.

#### § 3 Barns rett til medvirkning og omsynet til barnet sitt beste.

Lovbrot ikkje funne.

#### § 37 Barn med nedsett funksjonsevne

Lovbrot ikkje funne.

#### Kapittel 8 Psykososialt barnehagemiljø §§ 41, 42, 43

Lovbrot ikkje funne.

#### § 25 Pedagogisk bemanning (barnehagelova) og § 1 Norm for pedagogisk bemanning (forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager)

Lovbrot ikkje funne.

#### § 26 Grunnbemanning

Lovbrot ikkje funne.

Bekkjarvik maritime FUS barnehage fekk frist til 20. desember 2022 for å kommentere førebels tilsynsrapport. Austevoll kommune har ikkje mottatt merknader frå barnehagen.

### **Oppvekst, kultur og fritid**

Bjørn Kristian Bjånesøy  
Kommunalsjef

Wenche Gloppen  
Rådgjevar administrasjon/barnehage

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikke underskrift.*